

---

Saksnr: 2020/36813-32  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Oppfølging frå selskapet - Selskapskontroll av Grieghallen IKS****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber nyvald **styreleiar i Grieghallen IKS**, Inga Lise Moldestad, om både skriftleg og munnleg tilbakemelding på kva syn ho har på oppfølginga av dei 9 punkta i vedtaket som fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde 12.12.2018.
2. Kontrollutvalet ber om at den munnlege orientering skjer på møte i kontrollutvalet 26.10.2021.
3. Kontrollutvalet ber om at den skriftlege tilbakemeldinga vert send sekretariatet seinast innan 05.10.2021.

**Samandrag**

Denne saka er kontrollutvalet si sjette oppfølging av **tilbakemelding frå selskapet** når det gjeld vedtak gjort i fylkestinget 12.12.2018 om selskapskontroll av Grieghallen IKS.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Innkalling til representantskapsmøte i Grieghallen IKS 26.05.2021
- 2 Protokollat
- 3 Referat frå møte 25.05.2021 om Grieghallen IKS

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 107/2018 i møte 12.12.2018:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget **fylkesordføreren** syta for å:

1. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
  - a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
  - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
  - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
2. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med inntomsel. § 4.
3. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
4. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Grieghallen IKS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
10. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne saka **gjeld selskapet Grieghallen IKS** si oppfølging av selskapskontrollen. Fylkesordførar si oppfølging av selskapskontrollen går fram av anna sak til dette møtet.

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama handlingsplan frå selskapet etter selskapskontroll av Grieghallen IKS i møte 01.04.2019 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret har starta opp i samband med selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet **styret i Grieghallen IKS** om å komme med ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 07.10.2019.

Det vart ikkje motteke utfyllande svar på denne selskapskontrollen innan fristen som var sett til 07.10.2019 frå Grieghallen IKS, på tross av fleire purringar.

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama difor saka om selskapskontroll av Grieghallen IKS på nytt i møte 25.11.2019 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ber om at Grieghallen IKS kjem med skriftleg tilbakemelding på desse 9 punkta som vart vedteke av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 20.01.2020.
  1. *Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.*
  2. *Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen*
  3. *Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.*
  4. *Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
  5. *Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
  6. *Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.*
  7. *Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.*
  8. *Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.*
  9. *Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.*

I saksframstilling til møte i kontrollutvalet 13.02.2020 gjekk m.a. dette fram:

**«Oppfølging frå Grieghallen IKS:**

*Det er heller ikkje denne gongen motteke svar frå Grieghallen IKS på selskapskontrollen innan ny frist som var sett til 20.01.2020, på tross av puring.»*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 13.02.2020:

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber om at **dagleg leiar i Grieghallen IKS** møter i utvalet 16.03.2020 for gjera greie for kvifor det ikkje er komme utfyllande svar på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen som blei vedteken i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018.*

Ut frå orienteringa frå dagleg leiar og styreleiar i Grieghallen IKS i møte 15.06.2020 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har merka seg at **Grieghallen IKS** ikkje har følgd opp selskapskontroll av selskapet i tråd med vedtaket i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 på ein tilfredsstillande måte og på ein måte som ivaretek krava i IKS-loven.*
2. *Kontrollutvalet ber om at Grieghallen IKS kjem med utfyllande svar, og dokumentasjon på kva som er/vil verta gjennomført på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen, slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 12.10.2020.*
  1. *Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.*
  2. *Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen*
  3. *Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.*
  4. *Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
  5. *Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
  6. *Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.*
  7. *Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.*
  8. *Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.*
  9. *Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.*
3. *Tilbakemelding vert å sende sekretariatet seinast innan 21.09.2020.*

På bakgrunn av vedtaket som vart gjort i møte i kontrollutvalet 15.06.2020 mottok vi brev frå Grieghallen IKS. Sekretariatet la fram eit utkast til svarbrev som vart handsama i møte i kontrollutvalet 17.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet vedtek utkast til svarbrev til Grieghallen IKS med dei endringar som kom fram i møtet.*
2. *Kontrollutvalet ber om at sekretariatet sender svarbrevet til Grieghallen IKS på vegne av utvalet.*

3. *Kontrollutvalet står fast på vedtak i sak PS 60/20 i møte 15.06.2020 når det gjeld selskapet sitt ansvar for oppfølging av selskapskontroll av Grieghallen IKS.*

**Kontrollutvalet handsama ny tilbakemelding frå selskapet i møte 25.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber **selskapet Grieghallen IKS** om ny skriftleg status i forbetningsarbeidet etter selskapskontroll av selskapet gjennomført i 2018, slik at det kan handsamast i siste møte i utvalet før sumaren 2021.*
2. *Kontrollutvalet ber også om å få tilsendt skriftleg dokumentasjon på alt forbetningsarbeidet som er ferdig gjennomført.*
3. *Sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.*

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### **Vurderingar og verknader**

Denne saka gjeld oppfølging av den delen av selskapskontrollen som **selskapet Grieghallen IKS** har ansvar for. Den delen av saka som gjeld fylkesordførar si oppfølging vert handsama i anna sak i dette møtet.

På bakgrunn av vedtaket som vart gjort i møte i kontrollutvalet 25.11.2020 mottok vi e-post 25.05.2021 frå dagleg leiar med slikt innhald:

*«Vi viser til siste og tidligere partsbrev vedrørende Grieghallen IKS tilpasninger til Lov om interkommunale selskap og Selskapsavtalen mellom eierne Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.*

*Hva gjelder selskapets forhold til gjeldende lov og avtaler så er dette rapportert kontrollutvalget ved tidligere anledninger. Det som muligens har stått ubesvart er kontrollutvalgets spørsmål om arbeidsdelingen mellom arbeidende styreleder og daglig leder i selskapet. Arbeidsdelingen mellom styreleder og daglig leder har gjennom de åtte årene selskapet har eksistert vært svært positivt for selskapet. Det har vært en ordning hvor vi fullt og helt har kunnet dra nytte av styreleders kompetanse.*

*Ved kommende representantskapsmøte 26. mai vil nåværende styreleder bli takket av etter åtte års tjeneste. Ny styreleder vil høyst sannsynlig ikke tre inn i samme rolle som vår avtroppende styreleder. Problemstillingen som er reist av kontrollutvalget vil dermed være uaktuelt å behandle.*

*Daglig leder er blitt forespurt om å ivareta funksjonen i et par måneder etter nytt styre er valgt, - og ny ordning med daglig leder blir etablert av styret, - og eierne.*

*Vi anser på bakgrunn av ovennevnte at selskapskontrollen kan «legges død». Hvorvidt den skal vekkes til live etter nytt styre og daglig leder er på plass må vurderes av kontrollutvalget.»*

Det vart gjennomført representantskapsmøte i Grieghallen IKS 26.05.2021 der Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant, Marte Hammer, framførte slik protokollmerknad i representantskapsmøte 26.05.2021:

*«Vestland fylkeskommune er ikkje samd i styreleiar sitt syn, og legg til grunn at selskapskontrollen har vore følgd opp gjentatte gonger frå fylkeskommunen utan at punkta er svart ut.»*

Innkalling til representantskapsmøte ligg ved som vedlegg 1.

**Sekretariatet mottok 12.05.2021 kopi av vedlagte «protokollat» frå styreleiar i Grieghallen, Knut Rosenlund, vedlegg 2. På bakgrunn av dette vart det halde møte mellom fylkesordførar, fylkesrådmann, leiar i kontrollutvalet, Deloitte AS og sekretariatet 25.05.2021. Oppsummering/referat frå dette møtet ligg også ved som vedlegg 3.**

På bakgrunn av det som går fram over, og ut frå det som kom fram i møte om saka 25.05.2021, bør kontrollutvalet be nyvald styreleiar i Grieghallen IKS, Inga Lise Moldestad, om både skriftleg og munnleg tilbakemelding på kva syn ho har på oppfølginga av dei 9 punkta i vedtaket som fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 12.12.2018. Den munnlege orientering kan t.d. skje på møte i kontrollutvalet 26.10.2021.

### **Konklusjon**

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber nyvald styreleiar i Grieghallen IKS, Inga Lise Moldestad, om både skriftleg og munnleg tilbakemelding på kva syn ho har på oppfølginga av dei 9 punkta i vedtaket som fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 12.12.2018. Det vert vidare tilrådd at den munnlege orientering kan skje på møte i kontrollutvalet 26.10.2021.